

ÅRSMELDING 2019 HAREID IL HANDBALL

Styret for 2019

Leiar:	Jeanette Teigene
Nestleiar:	Linda Godø
Økonomiansvarleg:	Sandra Kruder
Sekretær:	Sølvi Abrahamsen Høgli
Styremedlemmar:	Astrid Liaset Ertesvåg Christian Kruder Frank Robert Brandal

Styret har hatt 6 styremøter gjennom året.

Handballen har sidan 2018 hatt ei lita auke i antall medlemmar. Frå 91 medlemmar i 2018 til 109 medlemmar i 2019. Vi har 3 lag som spelar i seriespel, i tillegg til to minigrupper. Det har også våre interesse for å få til eit gutelag i ungdomsskulealder. Det har våre gjennomført fleire treningar der oppmøte har våre bra. Vi manglar dessverre ein fast trenar til denne gruppa, noko som gjer at vi ikkje har klart å gi dei eit fast tilbod. Det er generelt vanskeleg å rekruttere nye trenarar til handballgruppa.

Igjen har vi store problem med å rekruttere dommarar i klubben, som fører til at gruppa får bøter. Klubben er sjølv ansvarleg for å finne dommarar til J11 sine kampar, dette har vi løyst med å bruke spelarar frå damelaget.

Vi såg oss dessverre nødt til å avlyse den planlagde miniturneringa pga at Ørsta IL hadde fått løyve til å gjennomføre ei turnering den aktuelle helga i forbindelse med opning av ny hall. Dermed mista vi ei god inntekt til gruppa.

Det er ikkje lagt opp til dugnadar i gruppa, men om laga ønsker å reise på cupar osv kan dei sjølv organisere inntektsbringande arbeid med godkjenning frå styret.

Damelaget

Trenar: Stasys Galdikas

Oppmenn: Marte Rise Høydal og Astrid Ertesvåg

Damelaget spelar denne sesongen i 4 divisjon. Vi har hatt store utfordringar med frafall av spelarar pga graviditet og skader. Dette har nok utan tvil gått utover resultata i sesongen. Det har komt til spelarar utover i sesongen, og damene har no ei gruppe på 20 aktive spelarar.

J13

Trenar: Linda Godø og Sandra Kruder

Oppmenn: Odeta Galdikiene

Jentene deltok denne sesongen i Trønderenergi-serien J13 avd. 2 på Sunnmøre. Stallen er stabil med 12 – 14 spelarar. Nokre få fall frå når vi starta sesongen, men vi har fått inn nye spelarar også.

Jentene trener tirsdagar 16-17 og onsdagar 18-20 i Hareidhallen. Onsdagstreninga har vi fått byttelånt tid med friidrett og fotball, 16-18 ei periode, då friidrettsgruppa har trent i Ulsteinhallen 18-19.30 onsdagar i vinter. Frå påske håpar vi å få tida vår tilbake og trener 18-20 i Hareidhallen onsdagar.

J13 har også hatt eit treningssamarbeid med Ørsta og Hødd denne sesongen. I tillegg har Linda delteke på trenarskule i regi av handballforbundet. Her har fleire av 2006- spelarane fått vere med som utøvarapparat. Dette har vore spennande læring for både trener og spelarar.

J11

Trenar: Renate Røyset Lillebø og Sølvi Abrahamsen Høgli

Oppmenn: Sølvi Abrahamsen Høgli

Vi har denne sesongen våre med i Trønderenergi serien.

Vi starta sesongen med nokre fleire spelarar, og etter kvart kom det til 2-6 gutar som også trente med oss. Gutane og to jenter falt frå etter kvart framover mot jul. Vi er no 16 stk fast på laget. Vi har trening tirsdagar 19-20, og oppmøtet til treningane er stabilt og godt. Vi har vunne berre ein kamp denne sesongen, men jentene har utvikla seg veldig bra teknisk. Det gjenstår å beholde sjølvtillita frå trening, over til kamp.

Det er no berre ein kamp igjen i serien, mot Hødd den 08.03

Mini 1

Trenar: Toril Haug Vikebakk

Minijenter 2010 består av tre spelarar og 2011 består av 12 spelarar. Vi trener kvar tysdag frå kl. 18-19, og delar salen med minilaga 2012/2013. Vi har delteke på miniturneringar 09.11 i Ulstein Arena med to lag, og miniturnering i Herøyhallen 02.02 med to lag.

Planen er å delta på ny miniturnering i Hatlane 25/26.04 med to eller tre lag. Trenar for denne gruppa er Toril Haug Vikebakk med hjelp av nokre foreldre.

Mini 2

Trenar: Maria A. Slettebakk

Denne minigruppa har vore gjennomsnittleg 10 stk fast på trening. 9 jenter født 2013, og 1 2014. Nokre har vore innoom å prøvd seg, og dukkar opp av og til. Vi har planar om å prøve å delta på miniturnering i Hatlane 25-26.04. Trenar for denne gruppa er Maria Slettebakk, og Ina Flø Nasset som hjelpetrener, som stiller opp når Maria har vore forhindra ifrå å møte på treningane.

Styret takkar med dette for seg, og ynskjer det nye styret lykke til!


Jeanette Teigene


Linda Godø


Sølvi Abrahamsen Høgli


Sandra Kruder

Frank Robert Brandal


Astrid Ertesvåg


Christian Kruder